



Saksprotokoll i Klagenemnda - 01.04.2014

Utvalet diskuterte spørsmål om Retningslinene til Transportordninga for funksjonshemma når det gjalt psykiske lidingar.

Stig Morten Frøiland (A) sette fram slikt forslag til oversending til fylkesrådmannen:

"Klagenemnda har fleire gonger handsama saker som reiser spørsmål knytt til psykiske lidingar og regelverket knytt til transportordninga for funksjonshemma. Klagenemnda meiner noverande retningsliner ikkje tar hensyn til personar med varige psykiske lidingar slik dei no ligg føre.

Difor oppmodar klagenemnda fylkesrådmannen og ta initiativ til ein gjennomgang av retningslinene der ein også tar omsyn til psykiske lidingar."

Forslaget vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.